

Eksamen

29. november 2017

HUD3003

Yrkesutøvelse

Programområde: Hudpleie VG3

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg som skal leverast inn	Kundekort – side 8
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på i kor stor grad du når desse kompetansemåla:</p> <ul style="list-style-type: none">• planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar• bruke eit utval av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda• vurdere hud-, hår- og neglebehandlingar og føre journal• bruke metodar for handbehandling, lakketeknikk og pedikyr og grunngi val av metode• arbeide i tråd med tiltak for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen• planleggje og gjennomføre arbeidet i tråd med prinsippa for universell utforming av produkt og tenester
Andre opplysningar	Hugs å nummerere oppgåvene i svararket.

Situasjonsbeskriving

Tenk deg at du er medeigar i ein hudpleiesalong. Du har ansvar for HMS i den daglege drifta. Det er ein travel kvardag, og du har fullt opp med kundar, mange av dei er faste kundar. Etter lunsj ein dag kjem ein ny kunde. Ho heiter Berit Karlsen, er 55 år og jobbar i ein utebarnehage. Ho har på førehand sagt frå om at ho aldri har hatt behandling tidlegare, og at ho gruer seg litt. Ho har bestilt ein hudpleietime og ein enkel manikyr.

Under hudanalysen ser du at kunden har kombinasjonshud. Ho har nokre paplar og pustlar i panna og ein del couperose på kinna, som også er tørre. Ho fortel at ho synest huda kjennest stram og lite smidig, og vidare at hudpleierutinen hennar består i å vaske ansiktet med vatn og påføre ein fuktigheitskrem som trekkjer raskt inn i huda.

Når du observerer neglene hennar, ser det ut som om to av neglene har naglesopp. I tillegg er naglebanda svært tørre og tjukke. Under manikyren ønskjer ho å få påført naglelakk. Kunden har ingen sjukdommar og bruker heller ikkje medisinar som det må takast omsyn til. Ho opplyser at ho har eit normalt og bra kosthald.

Oppgåve 1

Du startar behandlinga med å gjere ein hudanalyse av Berit Karlsen og å fylle ut all informasjon på eit kundekort.

- a) Fyll ut det vedlagde kundekortet.
- b) Forklar korleis du vil gjennomføre hudpleiebehandlinga på Berit. Grunnlegg vala dine.
- c) Kva for produkt og apparat vil du bruke i denne hudpleiebehandlinga? Fortel kvifor du meiner at produkta og apparata du har valt, er dei beste for kunden.
- d) Berit har høyrte at det finst apparat som kan fjerne couperose, og ho ønskjer råd om vidare behandling. Forklar kva for apparat som kan fjerne couperose, og gi henne råd om vidare behandling.

Oppgave 2

- a) Forklar og utdyp korleis du vil gjennomføre manikyren på Berit Karlsen. Fortel kva for produkt du vil bruke i behandlinga, og grunngje valet.
- b) På kva måte tek du omsyn til nagleproblema til kunden undervegs i behandlinga? Grunngje svaret ditt.
- c) Berit ønskjer å få råd for nagleproblema sine. Kva råd kan du som hudpleiar gi henne om heimepleie av neglene?

Oppgave 3

Som medeigar i hudpleiesalongen har du ansvaret for HMS i den daglege drifta.

Forklar på kva måte du tek HMS-ansvar for deg og kollegaene dine gjennom arbeidsdagen.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg som skal leveres inn	Kundekort – side 8
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven vil det bli lagt særlig vekt på i hvor stor grad du når disse kompetansemålene:</p> <ul style="list-style-type: none">• planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar• bruke eit utval av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda• bruke metodar for handbehandling, lakketeknikk og pedikyr og grunngi val av metode• arbeide i tråd med tiltak for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen• vurdere hud-, hår- og neglebehandlingar og føre journal• planlegge og gjennomføre arbeidet i tråd med prinsippa for universell utforming av produkt og tenester
Andre opplysninger	Husk å nummerere oppgavene i svararket.

Situasjonsbeskrivelse

Tenk deg at du er medeier i en hudpleiesalong. Du har ansvar for HMS i den daglige driften. Det er en travel hverdag, og du har fullt opp med kunder, mange av dem er faste kunder. Etter lunsj en dag kommer en ny kunde. Hun heter Berit Karlsen, er 55 år og jobber i en utebarnehage. Hun har på forhånd sagt fra om at hun aldri har hatt behandling tidligere, og at hun gruer seg litt. Hun har bestilt en hudpleietime og en enkel manikyr.

Under hudanalysen ser du at kunden har kombinasjonshud. Hun har noen papler og pustler i pannen og en del couperose på kinnene, som også er tørre. Hun forteller at hun synes huden føles stram og lite smidig, og videre at hudpleierutinen hennes består i å vaske ansiktet med vann og påføre en fuktighetskrem som trekker raskt inn i huden.

Når du observerer neglene til kunden så ser det ut som at to av neglene har neglesopp. I tillegg er neglebåndene veldig tørre og tykke. Under manikyren ønsker hun å få påført neglelakk. Kunden har ingen sykdommer og bruker heller ikke medisiner som det må tas hensyn til. Hun opplyser at hun har et normalt og bra kosthold.

Oppgave 1

Du starter behandlingen med å gjøre en hudanalyse av Berit Karlsen og å fylle ut all informasjonen på et kundekort.

- a) Fyll ut det vedlagte kundekortet.
- b) Forklar og utdyp hvordan du vil gjennomføre hudpleiebehandlingen på Berit. Begrunn valgene dine.
- c) Hvilke produkter og apparater vil du benytte i denne hudpleiebehandlingen? Fortell hvorfor du mener at produktene og apparatene du har valgt, er de beste for kunden.
- d) Berit har hørt at det finnes apparater som kan fjerne couperose, og hun ønsker råd om videre behandling. Forklar hvilke apparater som kan fjerne couperose, og gi henne råd om videre behandling.

Oppgave 2

- a) Forklar hvordan du vil gjennomføre manikyren på Berit Karlsen. Fortell hvilke produkter du vil benytte i behandlingen, og begrunn valget.
- b) På hvilken måte tar du hensyn til kundens negleproblemer underveis i behandlingen? Begrunn svaret ditt.
- c) Berit ønsker å få råd for negleproblemene sine. Hvilke råd kan du som hudpleier gi henne om hjemmepleie av neglene?

Oppgave 3

Som medeier i hudpleiesalongen har du ansvaret for HMS i den daglige driften.


Forklar på hvilken måte du tar HMS-ansvar for deg og kollegaene dine gjennom arbeidsdagen.

Vedlegg 1 av 1

Kandidatnummer:

Gruppe:

KUNDEKORT – Oppgave 1


Namn: _____		Fødd: _____			
Adresse: _____		Tlf. privat: _____			
Yrke: _____		Tlf. arbeid: _____			
Mail: _____		Tlf. mobil: _____			
Diabetes:	Epilepsi:	Hjarte- karsjukdom:	Astma:	Allergi:	Medisinar:
Hudtype:					
Hals:					
Augeparti:					
Sensitivitet:					
Tonus:					
Pigmenteringar:					
Kosthald:					
Heimebehandling:					
Tilrådd heimebehandling:					

DATO	BEHANDLING	MERKNADER



Kandidatnummer:

Gruppe:

KUNDEKORT – Oppgave 1

Navn: _____		Født: _____			
Adresse: _____		Tlf. privat: _____			
Yrke: _____		Tlf. arbeid: _____			
Mail: _____		Tlf. mobil: _____			
Diabetes:	Epilepsi:	Hjerte-karsykdom:	Astma:	Allergi:	Medisiner:
Hudtype:					
Hals:					
Øyeparti:					
Sensitivitet:					
Tonus:					
Pigmenteringer:					
Kosthold:					
Hjemmebehandling:					
Tilrådet hjemmebehandling:					

DATO	BEHANDLING	MERKNADER



www.vigoiks.no/eksamen